Vedlegg:

- Status 2019-2020 handlingsprogram for Premiss:Kultur: Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025)

  Status for 2019 for Premiss:kultur vart handsama i fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune i sak PS 219/2019 - 21.11.2019.

- Status 2019-2020 handlingsprogram for Kultur for alle: Regionalplan for kultur i Sogn og Fjordane (2019-2027)

- Status 2020 handlingsprogram Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2020-2024)

- Status 2020 - nye oppgåver i Vestland fylkeskommunen innan integrering i samband med regionreforma, jf Fylkestinget PS 47/2020

# Status 2019-2020 - Handlingsprogram for Premiss:kultur: Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025)

## 5.1: Endringar i busetnad og infrastruktur

| 1. Innsatsområde | Arkitektur: Urbanisering, stadutvikling, bygningar og landskap |
|---|---|
| *Mål* | 1. *Skape trygge, attraktive og stimulerande nærmiljø*<br>2. *Sikre ei berekraftig forvaltning av landskap og omgjevnadar*<br>3. *Løyse framtida sine behov med nyskapande arkitektur*<br>4. *Kunnskap, kompetanse og formidling skal løfte arkitekturen i Hordaland* |
| **Tiltak** | **A. Utarbeide regional plan for landskap, grønstruktur og friluftsområde i Hordaland** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/kultur- og idrettsavdelinga/Regionalavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Friluftsråda og FNF |
| Status 2019 | Vert vidareført i ny planstrategi. Planen har fått namnet «Regional plan for areal, natur og kulturminneressurs» |
| Status 2020 | I utviklingsplan for Vestland som er på høyring stå det at fylkeskommune vil nytte perioden 2020-2024 til å hente inn kunnskapsgrunnlag for eit regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar. Utarbeiding av eit slik plan vert vurdert på nytt i neste regionale planstrategi. |
| **Tiltak** | **B. Utvikle offentlege byggeoppgåver som førebilete for god arkitektur** |
| Ansvar | Staten, Hordaland fylkeskommune, kommunane |
| Aktuelle partnarar | Offentlege byggherrar, kommunane |
| Status 2019 | Pågåande; gjennom HFK sine eigne byggeprosjekt og innspel til andre sine prosjekt. |
| Status 2020 | Pågåande; gjennom Vestland fylkeskommune sine eigne byggeprosjekt og innspel til andre sine prosjekt. |
| **Tiltak** | **C. Styrke satsing på kunst i landskap og utvide ordninga for Kunst i offentleg rom** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/kultur- og idrettsavdelinga, Regionalavdelinga, Samferdselsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, Hordaland kunstsenter, KORO, Kulturdepartementet, Samferdselsdepartementet, Statens Vegvesen-Region Vest, Fylkesmannen i Hordaland |
| Status 2019 | Pågåande satsing, med Bybanekunstprosjektet og kunstprosjekt knytt til bygging av nye skular. Avdeling for kultur- og idrettsavdelinga har sekreteriatsansvaret for dette. Elles er det viktig å kunne vidareføre prosjektstilling på Hordaland kunstsenter for å jobbe vidare med kunst i offentleg rom, som utvikling av strukturar og rådgjeving m.a. til kommunar. Det er og viktig å få dette forankra dette i handlingsplanen til regional transportplan for Vestland fylkeskommune. |
| Status 2020 | Retningsliner og føringar for Kunst i offentleg rom/ kunstnarleg utsmykking i Vestland fylkeskommune vedteke i fylkestinget i juni. Elles Pågåande satsing, med Bybanekunstprosjektet og kunstprosjekt knytt til bygging av nye skular, ikkje minst Åsane VGS og kulturhus. Arbeidet med kunst til det nye fylkesbygget i Bergen er sett i gang.<br>Avdeling for kultur, idrett og inkludering har sekreteriatsansvaret for dette. Elles er det viktig å kunne vidareføre prosjektstilling på Hordaland kunstsenter for å jobbe vidare med kunst i offentleg rom, som utvikling av strukturar og rådgjeving m.a. til |

| | |
|---|---|
| | kommunar. |
| 2. Innsatsområde | Arenautvikling – infrastruktur |
| *Mål* | *1. Hordaland skal ha god dekning av kultur- og idrettsarenaer som er tilgjengelege for alle, og som legg til rette for aktivitet og oppleving.*<br>*2. Kulturpolitikken skal legge til rette for tilgangen til både regionale og lokale kultur- og idrettsanlegg, kulturminne, kyrkje, kulturlandskap og aktivitetsområde for friluftsliv* |
| **Tiltak** | **A. Prøve ut modellar for sambygging/samdrift av kyrkje, skule, kultur- og idrettsarenaer** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga/Opplæringsavdelinga/ Økonomiavdelinga, kommunane |
| Aktuelle partnarar | Den norske kyrkja, Kulturdepartementet, institusjonar, organisasjonar |
| Status 2019 | Pågåande, m.a. gjennom byggeprosjektet Åsane Vidaregåande skule og kulturhus. Det er inngått intensjonsavtale med Lokale- og anlægsfonden i Danmark for utvikling av innovative anlegg. Arbeidet er starta, og det skal lagast prosjektskisse hausten 2019 for dei prosjekta som skal inkluderast i arbeidet. |
| Status 2020 | Sjå tiltak 16 |
| **Tiltak** | **B. Tilrettelegge for trygge gang- og sykkelvegar frå heim til skule, arbeid og fritidsaktivitetar** |
| Ansvar | Kommunane, Hordaland fylkeskommune/Samferdselsavdelinga/ Statens vegvesen |
| Aktuelle partnarar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga/Opplæringsavdelinga/ Økonomiavdelinga, kommunane |
| Merknad | Jf. Regional transportplan for Hordaland 2013-2024 (Handlingsplan for trafikksikring 2014-2017) |
| Status 2019 | Er innlemma / prioritert i ulike planar |
| Status 2020 | Er innlemma / prioritert i ulike planar |
| **Tiltak** | **C. Legge til rette kollektivtilbodet for brei deltaking i kultur- og idrettsfeltet** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Samferdselsavdelinga/ Skyss |
| Aktuelle partnarar | Hordaland fylkeskommune/kultur- og idrettsavdelinga, kommunane, kulturorganisasjonar |
| Status 2019 | Er innlemma / prioritert i ulike planar |
| Status 2020 | Er innlemma / prioritert i ulike planar |
| **Tiltak** | **D. Oppgradere eksisterande kulturbygg i lokalsamfunnet** |
| Ansvar | Kommunane, Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Partnarar | Lag og organisasjonar |
| Status 2019 | Pågåande gjennom tilskotsordning til lokale kulturbygg. Elles kutt i både fylkeskommunale og statlege midlar til føremålet. Oppgradering av biblioteklokale skjer gjennom Modellbibliotekprogrammet. |
| Status 2020 | Omprioritering av Modellbibliotek-midlar til digital formidling ut frå Covid-19-situasjonen i samfunnet, politisk handsama våren 2020 jf. Innsatsområde 4A - Digital allmenning nedanfor. |
| **Tiltak** | **E. Delta i nasjonale prosjekt med tilrettelegging av friluftsliv og kulturminne** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kommunane/ Lag og organisasjonar/Gjensidigestiftinga/fylkeskommunane, Miljødirektoratet, Den norske kyrkja, Riksantikvaren |
| Status 2019 | HFK har delteke i det nasjonale turstiprosjektet gjennom fleire år, og dette vart avslutta våren 2019. Pågåande no, m.a. gjennom prosjekta *Friluftslivets ferdselårer* og *Kystpilgrimsleia*. |
| Status 2020 | Kystpilegrimsleia er i overgangsfase til fast drift. Det er gjeve regionale driftstilskot til to regionale pilegrimssenter i Bergen og Selja. Vestland utviklar saman med |

| | |
|---|---|
| | Rogaland eit kraftturismeprosjekt knytt til det Vestlandsk kraftlandskapet. Det skal søkast om verdiskapingsmidlar frå Riksantikvaren når grunnlagsmaterialet er klart. |

# 5.2: Formidling og deltaking

| 3. Innsatsområde | Demokrati og kulturkritikk |
|---|---|
| *Mål:* | *Fremje evna til å setje viktige tema i samfunnet under debatt* |
| **Tiltak** | **A. Utvikle og støtte arenaer, miljø og tiltak som fremjar kritisk tenking** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | FoU-miljøa, biblioteka, Litteraturhuset, Studentersamfunnet, media og relevante kunst- og kulturinstitusjonar |
| Status 2019 | Pågåande gjennom ulike tilskotsordningar, både over budsjett til drift av institusjonar og prosjektstøtte. Tiltak som bygger opp under dette vert prioritert i fleire tilskotsordningar. M.a. har HFK gitt prosjektstøtte til oppstart av den nye litteraturfestivalen på Litteraturhuset i Bergen og ved å produsere debattopplegg om klima- og miljøspørsmål til folkebiblioteka. |
| Status 2020 | Tiltak som bygger opp under dette vert prioritert i fleire tilskotsordningar både over budsjett til drift av institusjonar og prosjektstøtte. Bibliotekutvikling har t.d. gjennomført digital formidling knytt til klima- og miljøspørsmål til folkebiblioteka. |
| 4. Innsatsområde | Digital allmenning |
| *Mål:* | *Digitale arenaer på kultur- og idrettsfeltet skal utviklast slik at dei er tilgjengelege og tilrettelagt for alle* |
| **Tiltak** | **A. Ta i bruk og utvikle digitale løysingar til involvering og deltaking i kulturlivet** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga* |
| Aktuelle partnarar | Universitetet i Bergen, kommunane, kulturinstitusjonar, musea, bibliotek, arkiv, Kulturrådet, fylkeskommunane på Vestlandet, frivillige organisasjonar, friluftsråd, Miljødirektoratet, Kulturdepartementet m.fl. |
| Merknad | *Mange andre aktørar kan vere ansvarlege for dette tiltaket |
| Merknad | Pågåande satsing som kan vere hensiktsmessig å vidareføre i samarbeid m Sogn og Fjordane |
| Status 2019 | Pågåande. Samkjøre løysingar, bruke og utvikle nasjonale plattformar. Fylkesbiblioteket organiserer eit konsortium som gir tilgang til e-bøker og 7000 elektroniske tidsskrift og aviser. Det nye Fylkesarkivet skal tilby fellesløysingar for registrering av foto i Vestland, og jobbar for fleire fellesløysingar innan arkiv og samfunnsdokumentasjon. |
| Status 2020 | • Nye fagsystem/webarkiv for fylkesarkivet sine spesialsamlingar innan foto, musikk, amerikabrev, lag og organisasjonar, møtebokregister og multimedia starta i 2019, ferdigstilling i 2020.<br>• Bruk av Digitalarkivet si løysing for å publisere digitale kjeldekopiar av kommunale protokollar og privatarkivmateriale er sett i gong.<br>• Om lag 3 000 registrerte arkiv i ASTA er publisert på Arkivportalen.<br>• Utvalde kjeldekopiar blir publisert på SoMe-plattformer som Flickr Commons, Instagram, Facebook, SoundCloud.<br>• Starta eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune v/ Avdeling for kultur, idrett og inkludering og Universitetet i Bergen om samkøyring av formidlingsløysingane Kulturhistorisk leksikon og Grind.no<br>• Oppretta dialog med Spesialsamlingane, Universitetsbiblioteket i Bergen og Nordhordaland digitalt for å tilby publikum ein samla tilgang til stadnamnmaterialet for Vestland både i nasjonale og regionale digitale kanalar.<br>• Avdeling for kultur, idrett og inkludering v/Bibliotekutvikling organiserer eit |

| | |
|---|---|
| | konsortium som gir tilgang til e-bøker og 7000 elektroniske tidsskrift og aviser. Digital formidling har vorte aktualisert ut frå fysisk nedstenging av det offentlege, blant anna med ekstrautlysing til biblioteka for å gje innbyggjarane eit fullverdig digitalt tilbod, der 19 kommunale prosjekt fekk støtte. |
| **Tiltak** | **B. Utvikle kompetanse om rettar og publisering på nett** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen |
| Status 2019 | Pågåande og integrert i ulike kompetansetiltak. M.a. rettleiing og kurs opp mot frivillig sektor og kommunar. |
| Status 2020 | Kontinuerleg arbeid internt og eksternt. Integrert i ulike kompetansetiltak. M.a. rettleiing opp mot frivillig sektor og kommunar. |
| 5. Innsatsområde | Inkludering |
| *Mål* | *Kulturlivet i Hordaland skal vere prega av mangfald, likeverd og likestilling* |
| **Tiltak** | **A. Styrke mangfaldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskild tilrettelegging** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga* |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, relevante representative organ, Den norske kyrkja og andre trossamfunn, kulturinstitusjonane, frivillige organisasjonar |
| Merknad | *Mange andre aktørar kan vere ansvarlege for dette tiltaket |
| Status 2019 | Dette må vere ei pågåande satsing. Tiltak som stetter dette vert prioritert i ulike fylkeskommunale tilskotsordningar, m.a. Prosjekttilskot: kunst og kultur – profesjonell, Prosjekttilskot: kultur – amatør, Kulturelt utviklingsprogram, Museumsløft og Tilskotsordning for lågterskelakivitet. I tillegg fordeler fylkeskommunen midlar til den Kulturelle spaserstokken i kommunane, som ofte vert brukt til tiltak i institusjonar. 14 kommunale prosjekt innan biblioteksfeltet som stetter dette føremålet har fått støtte frå HFK/Gjensidigestiftelsen. Det er etablert strukturar både adminsitrativt og politisk som skal setje større fokus på feltet i Vestland fylkeskommune. |
| Status 2020 | Vlfk v/ Avdeling for kultur, idrett og inkludering, Bibliotekutvikling har tildelt midlar til seks kommunale integreringsprosjekt med støtte frå Gjensidigestiftelsen og støtte til åtte kommunale prosjekt innan teknologi, spel og integrering med støtte frå Gjensidigestiftelsen.<br><br>Gjennom Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken og Ung Kultur Møtest legg fylkeskommunen og kommunane til rette for at ulike grupper kan delta og bidra i kulturaktivitetar. I 2020 har digitale tilbod erstatta fysiske aktivitetar i stor grad, som følgje av covid-19-pandemien. Fylkeskommunen arbeider for å synleggjere og styrkje samanhengen mellom kultur og helse gjennom rådgjeving og kompetanseheving. |
| **Tiltak** | **B. Tilrettelegge informasjon for ulike brukargrupper** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga* |
| Partnarar | Kommunane, relevante representative organ, frivillige organisasjonar, kulturlivet |
| Merknad | *Mange andre aktørar kan vere ansvarlege for dette tiltaket |
| Status 2019 | Tiltak som stetter dette vert prioritert i ulike fylkeskommunale tilskotsordningar, m.a. Prosjekttilskot: kunst og kultur – profesjonell, Prosjekttilskot: kultur – amatør, Kulturelt utviklingsprogram, Museumsløft. Det vert også løyvd midlar til ulike målgruppetiltak i Hordaland Idrettskrets. |
| Status 2020 | Pågåande og kontinuerleg arbeid med å legge til rette informasjon for ulike målgrupper. |

| | |
|---|---|
| **Tiltak** | **C. Sikre dokumentasjon frå alle samfunnsgrupper** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga* |
| Partnarar | Kommunane, museum- og arkivsektoren, relevante representative organ, |
| Merknad | *Mange andre aktørar kan vere ansvarlege for dette tiltaket |
| Status 2019 | Dette må heile tida vere eit pågåande tiltak, og musea har ei viktig rolle i dette. Eit hovudmål for arkivpolitikken er ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon der alle samfunnsgrupper er representert. Arkiv og samfunnsdokumentasjon frå privat sektor er klart underrepresentert, og er difor eit satsingsområde. Det inneber eit breitt samarbeid med bevaringsinstitusjonar og frivilligheit i regionen. |
| Status 2020 | Ein del av Avdeling for kultur, idrett og inkludering, Arkiv sitt kontinuerlege arbeid.<br>• Bevaringsplan for privatarkiv (oppstart 2020/21) vil legge grunnlag for vidare satsingar på privatarkivfeltet<br>Kartlegging: spørjeundersøking sendt ut i 2019 til aktørar i Hordaland som oppbevarer kulturhistorisk kjeldemateriale. Vidare oppfølging av restansar og analyse av innkomen data i 2020. |
| 6. Innsatsområde | Nynorsk kulturstrategi |
| *Mål:* | *Auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk* |
| **Tiltak** | **A. Auke andelen av nynorskproduksjonar i kunst- og kulturformidlinga i skulen** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, kulturinstitusjonane |
| Status 2019 | Pågåande; har blitt eit formelt satsingsområde i planperioden, særleg med å bli teke inn som ein del av dei vedtekne kriteria for val av produksjonar til DKS. |
| Status 2020 | • Olav H. Haugesenteret er styrka, slik at deira formidling kan utvidast til heile det nye Vestland fylke.<br>• Etablerer nynorsk turbibliotek i heile Vestland.<br>• Vestland fylkeskommune har bygd vidare på arbeidet i DKS-programmet i Hordaland og Sogn og Fjordane og vedtatt kriterium som sikre eit høgt tal nynorskproduksjonar.<br>• Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt samarbeid med Kulturtanken om satsing på nynorskproduksjonar er vidareført i Vestland fylkeskommune.<br>• Sjå status i Kultur for alle - fellessatsingar nedanfor |
| **Tiltak** | **B. Styrke Hordaland Teater som kunstinstitusjon og nynorskarena** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kulturdepartementet |
| Status 2019 | Hordaland teater (Det vestnorske teateret) er i planperioden flytta til Bergen sentrum – og er på god veg til å verte ein tydeleg nynorskarena i Bergen, m.a. med etablering av sidesatsinga Nynorskens Hus i 2019. Det vert jobba med utviding av areal og styrking av det kunstfaglege innhaldet, særleg satsing på nyskriven dramatikk på nynorsk og dialekt. Fylkeskommunal løyving auka i 2019. |
| Status 2020 | Det vestnorske teateret har styrka sin posisjon som nynorskteater i Bergen sentrum, med kvalitet og nyskrivne teaterproduksjonar. Det er auka fokus på utvikling av nye tekstar. Det er i 2020 sett i gang planlagt utbygging av teaterets areal. |

# 5.3: Verdiskaping

| 7. Innsatsområde | Frivilligheit |
|---|---|
| *Mål* | *1. Frivillige lag og organisasjonar skal ha gode og føreseielege rammevilkår, og vere offensive i sine lokalsamfunn*<br>*2. Fleire skal delta i det organiserte kulturlivet* |
| **Tiltak** | **A. Utvikle møteplassar og samarbeidsmodellar der frivillige organisasjonar kan auke kompetansen, utvikle nettverk og samarbeide med offentleg sektor** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga, kommunar |
| Aktuelle partnarar | Kommunane/Frivilligsentralar, frivillige organisasjonar, amatørkulturråd |
| Status 2019 | Pågåande. Folkehelseplanen, kulturminneplanar, musea si satsing på koordinatorar knytt til organisering av frivillige (t.d. Museumssenteret i Hordaland og Bymuseet). Fylkesbiblioteket arbeidar kontinuerleg med å utvikle folkebiblioteka som møteplassar. Fylkeskommunen, som ein del av folkehelseplanarbeidet, har vidarefordelt midlar til kommunar som vil utvikle politikk på frivilligheit. Det vert gitt driftstilskot til fylkesledd og nettverksoganisasjonar som skal jobbe med dette. Tiltak som stetter dette tiltaket er prioritert i fleire tiltskotsordningar. |
| Status 2020 | • Det vert gitt driftstilskot til fylkesledd og nettverksoganisasjonar som skal jobbe med dette og tiltak som stetter dette er prioritert i fleire tilskotsordningar.<br>• Folkehelseplanen, kulturminneplanar, musea si satsing på koordinatorar knytt til organisering av frivillige (t.d. Museumssenteret i Hordaland og Bymuseet).<br>• Det er teke kontakt med Riksantikvaren for undersøkte moglegheitene for etablering av ein open database retta mot frivillige (tilsvarande www.kulturminnesok.no) for registrering av mobile kulturminne.<br>• Avdeling for kultur, idrett og inkludering, Bibliotekutvikling arbeidar kontinuerleg for å utvikle folkebiblioteka som lokale arenaar og møteplassar. |
| **Tiltak** | **B. Prøve ut modellar med auka profesjonell tilrettelegging av frivillig arbeid innan kultur og idrettsfeltet** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, frivillige organisasjonar, Høgskolen i Bergen, Universitetet i Bergen, Helse Bergen |
| Status 2019 | Dette er m.a. ei viktig satsing for museumssektoren og idrettslivet. |
| Status 2020 | Prosjekt Bergen Nasjonale Veteranskipshavn er under utvikling. Prosjektet tek sikte på ei profesjonell tilrettelegging av frivillig arbeid knytt til fartøyvern. |
| 8. Innsatsområde | Kulturbasert næringsutvikling/kulturnæringar |
| *Mål* | *1.Kulturbasert næringsutvikling skal styrke verdiskapinga i og rundt kultursektoren, og auka attraktivitet og bulyst*<br>*2.Kulturnæringane skal vere ein viktig del av komplette verdikjeder. Kulturnæringane skal ha tilgang til næringspolitiske verkemiddel og støtteordningar, på lik linje med andre næringar* |
| Merknad | *Utvikling av dette feltet samla har ikkje vore tungt prioritert frå HFK si side i 2019, men vurderast å takast opp igjen i arbeidet med fylkessamanslåinga* |
| **Tiltak** | **A. Støtte produksjons-og formidlingsmiljøet for film på Vestlandet** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga og regionalavdelinga |
| Status 2019 | Dette skjer i hovudsak gjennom løyvingar til Vestnorsk filmsenter, Cinemateket |

| | |
|---|---|
| | i Bergen, Bergen internasjonale filmefestival(BIFF) og Western Norway film commission. Det det vore enstra prosjektløyvingar gjennom KUP til både BIFF og til etablering av Filmveksthus i regi av Vestnorsk filmsenter. |
| Status 2020 | Dette skjer i hovudsak gjennom løyvingar til Vestnorsk filmsenter, Cinemateket i Bergen, Bergen internasjonale filmefestival(BIFF) og Western Norway film commission. Det det vore enstra prosjektløyvingar gjennom tilskotsordninga KUP til både BIFF og til etablering av Filmveksthus i regi av Vestnorsk filmsenter. |

# 5.4: Samordning og samhandling

| 9. Innsatsområde | Samhandling mellom forvaltningsnivåa |
|---|---|
| *Mål* | *Det skal vere god samhandling mellom forvaltningsnivåa, med vekt på dialog og felles ressursutnytting* |
| **Tiltak** | **A. Årlege drøftingsmøte om budsjett- og forvaltningsspørsmål mellom stat, fylkeskommune og aktuelle kommunar** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune |
| Aktuelle partnarar | Staten, kommunane |
| Status 2019 | Det har vore kontaktmøter mellom fylkeskommunen og staten(særleg Kulturdepartementet) i høve regionsreforma og oppgåvefordeling. Faste kontaktpunkt mellom forvaltningsnivåa er særleg prioritert i vidare arbeid med regionsreforma. Skjer elles i ulike deler av kulturfeltet i høve einskildsaker. |
| Status 2020 | Det har vore auka kontakt og dialog med Riksantikvaren etter oppgåveoverføringa knytt til regionreforma. |
| **Tiltak** | **B. Utvikle tenlege plattformar for dialog, nettverk, samarbeid og kompetanse** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, frivillige lag og organisasjonar, kulturinstitusjonar, FoU-miljø |
| Status 2019 | Pågåande; på mange ulike felt. Ekstra stort fokus i arbeidet med fylkessamanslåinga. |
| Status 2020 | Auka grad av regelmessige dialogmøter med både frivillig sektor og kulturinstitusjonar. |
| **Tiltak** | **C. Fremje samordning av statlege, regionale og kommunale verkemiddel** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga/Regionalavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, departementa og direktorata |
| Status 2019 | Pågåande. HFK jobbar med tilpassing til nye føringar i regionreforma, kulturmelding og andre nasjonale styringsdokument. Heng også saman med punkt 9 a |
| Status 2020 | Samordninga er pågåande. |
| 11. Innsatsområde | Kulturregion Vestlandet |
| *Mål:* | *Gjennom samarbeid og profilering skal Vestlandet styrkast som kulturregion* |
| **Merknad** | Det går føre seg kontinuerlege prosessar knytt til fylkessamanslåinga. |
| 12. Innsatsområde | Internasjonalisering |
| *Mål:* | *Hordaland skal vere ein open og utoverretta kulturregion, der utvikling og utveksling av kompetanse og kulturuttrykk står sentralt* |
| **Tiltak** | **A. Støtte internasjonalt samarbeid og utveksling av kulturaktørar og** |

| | |
|---|---|
| | **kunstnarar** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, FOU-miljø, kulturaktørar, gjestekunstnarordningar |
| Status 2019 | Driftsstøtte til m.a. Kunstnarhuset Messen og internasjonal gjestekunstnarordning ved Hordaland kunstsenter. Søknadsmengda til desse har auka svært dei siste åra. Gjestekunstnaropphald i Covarrubias, Spania. Fylkesbiblioteket har nytta Erasmus+-midlar til kompetanseheving for bibliotekarar. Prosjekttilskot til samarbeidsprosjekt mellom kunstnarar og kulturaktørar i Hordaland og i samarbeids/venskapsregionar, særleg Normandie. Fylkeskonservatoren har gjennom Erasmus+ midlar vore på utveksling til Scotland (Historic Environment Scotland) for å lære meir om læringsarena innan klassisk restaurering og bygningsvern. Fylkeskonservatoren har og dette året hatt besøk av arkeologar frå Archaeology Scotland som ville utveksle erfaring om korleis kulturarven kan brukast i lokalsamfunnsutvikling og knytt til integrering av ulike samfunnsgrupper. |
| Status 2020 | Avdeling for kultur, idrett og inkludering, Bibliotekutvikling har lyst ut Erasmus+-midlar til kompetanseheving for bibliotektilsette.<br>Driftsstøtte til m.a. Kunstnarhuset Messen og internasjonal gjestekunstnarordning ved Hordaland kunstsenter. |
| **Tiltak** | **B. Informere og rettleie om internasjonale program og støtteordningar** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga/Regionalavdelinga, Vestnorsk Brüsselkontor, Kulturrådet |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, Universitetet i Bergen |
| Status 2019 | HFK har vore medarrangør for infomøte og anna rettleiing om EØS-midlane i samarbeid med Norsk kulturråd og Riksantikvaren. |
| Status 2020 | Ikkje prioritert i 2020 grunna pandemien |
| 13. Innsatsområde | Verkemiddel og støtteordningar |
| *Mål* | *1.Det skal vere god samordning av virkemidla frå ulike forvaltningsnivå.*<br>*2.Fylkeskommunale verkemiddel og støtteordningar skal vere innretta i høve vedtekne regionalpolitisk mål, ha føreseielege kriterium og ta omsyn til kulturlivet sine behov.* |
| **Tiltak** | **A. Tilpassing og vurdering av fylkeskommunale tilskotsordningar i samsvar med målsettingane i Regional kulturplan 2015-2025** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kultur- og idrettslivet, kommunane |
| Status 2019 | Pågåande. Det vart gjort ei større gjennomgang i 2015/16, men det vert gjort stadige justeringar av ulike støtteordningar og retningslinane i desse. |
| Status 2020 | I samband med regionreformer har ein arbeida med å harmonisera regionale tilskotsordningane i dei to fylka og vedta retningsliner til dei ulike tilskotsordningane som gjeld for heile fylke. |
| **Tiltak** | **B. Styrke og vidareutvikle Kulturelt utviklingsprogram som kulturpolitisk verkemiddel** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune |
| Aktuelle partnarar | Kunst- og kulturaktørar, kommunane, FoU-miljøet |
| Merknad | Er sett i samanheng med innsatsområde 27 Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet |
| Status 2019 | Pågåande. Må sjåast i sameheng med budsjett. |
| Status 2020 | Pågåande. Må sjåast i sameheng med budsjett. |

| 14. Innsatsområde | Kompetanse |
|---|---|
| *Mål* | *Hordaland skal vere kjenneteikna av kunnskapsbasert forvalting og høg kompetanse på kulturfeltet* |
| **Tiltak** | **A. Dokumentere og formidle status for kulturfeltet i Hordaland** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga, Regionalavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, FOU-miljøa, frivillige organisasjonar |
| Status 2019 | Dette er ein del av arbeidet med fylkessamanslåinga og vert særleg i fokus og styrka i den nye seksjonen for Statistikk, analyse og inkludering. Det er i 2019 sett i gong eit større prosjekt på kulturstatistikk der Oxford Research skal gjere eit forprosjekt om kulturstatistikk for Vestlandet. Fylkeskonservatoren har deltatt på arbeidsverkstad hjå SSB om statistikk på kulturarvsfeltet hausten 2019. |
| Status 2020 | Vurdering av forprosjektrapporten Oxford Research gjort 11.05.2020. Innsatsen framover vert lagt på å utvikle eigen kompetanse innan statestikk og analyse. Seksjon for Inkludering, statistikk og analyse etablert i Avdeling for kultur, idrett og inkludering. Mandatet er å utvikle eigen kompetanse for å dokumentere og formidle statistikk og status for heile kultur- og inkluderingsfelt i samråd med seksjonane. Etablert internt samarbeid med avdeling for strategisk utvikling og digitalisering (SUD). Utviklar no eiga prosjektskisse for arbeidet med å utvikle regional statistikkbase og indikatorar for mål og resultat. Dette vert også kopla til det overordna planarbeidet i avdelinga, og i fylkeskommunen. |
| **Tiltak** | **B. Stimulere til kompetanseutvikling innanfor offentleg kulturforvaltning og innan kultur-, idrett og friluftslivsektoren** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kulturlivet, FOU-miljøa, kommunane, SIU, Helse Bergen, Hordaland idrettskrets og Olympiatoppen Vest Norge, avdeling Hordaland, Universitet og høgskulesektor |
| Status 2019 | Fylkeskommunen tilbyr eit breitt tilbod av kurs, konferansar, kompetanseheving og -utveksling innan dei ulike fagområda. Det vert m.a. anna arrangert og lagt til rette for eitt breitt tilbod av kurs og samlingar for kommunetilsette i kulturfeltet og for frivillig sektor. Det vert også gitt driftstilskot og prosjekttilskot til nettverksorganisasjonar som har dette oppdraget. Det er m.a. arrangert kurs, konferansar og kompetanseheving innan kulturarvfeltet, særleg knytt til arbeid med lokale kulturminneplanar. Nordhagenkonferansen 2019, som har vore arrangert sidan 1999, i oktober, har blitt arrangert som eit kompetanseutviklingstiltak innan arkitektur og byplanhistorie, på tvers av sektorar og i nært samarbeid med Universitetet i Bergen, Bergen kommune, Bymuseet og Fylkeskonservatoren. Det vert også tilbydd eit breitt tilbod av kurs og kompetanseheving for tilsette i bibliotek. |
| Status 2020 | Fylkeskommunen tilbyr eit breitt tilbod av kurs, konferansar, kompetanseheving og -utveksling innan dei ulike fagområda. Innsats er delvis redusert og delvis flytta til digitale møter i 2020 pga. koronapandemien. Kulturkonferansen 2020 vert arrangert i oktober. |

# 5.5: Kulturminnevern og museum

| 15. Innsatsområde | Dokumentasjon |
|---|---|
| *Mål* | *Styrke dokumentasjon for auka kunnskap om kulturminne og samanhengane dei er del av* |
| **Tiltak** | **A. Utarbeide retningsliner, gjere tilgjengeleg og formidle dokumentasjon av kulturminne** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle narar | Kommunane, Fylkesmannen, Universitetet i Bergen, Riksantikvaren |
| Status 2019 | Pågåande, samt må integrerast i nye arealpolitiske retningsliner for Vestland fylkeskommune |
| Status 2020 | I utviklingsplan for Vestland som er på høyring stå det at fylkeskommune vil nytte perioden 2020-2024 til å hente inn kunnskapsgrunnlag for eit regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar. Utarbeiding av eit slik plan vert vurdert på nytt i neste regionale planstrategi. |
| **Tiltak** | **B. Dokumentere kulturminnetilstanden i Hordaland** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga, kommunane |
| Aktuelle partnarar | KOSTRA, Riksantikvaren, forskingsmiljø |
| Status 2019 | Pågåande men må prioriterast i arbeid me regional plan for areal, natur og kulturminneressurs |
| Status 2020 | Arbeidet med dokumentasjon av regionale kulturminne i Vestland er pågåande, men manglande kapasitet gjer det vanskeleg å få prioritert arbeidet. |
| **Tiltak** | **C. Fullføre lokale kulturminneregistreringar** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga, kommunane |
| Aktuelle partnarar | Riksantikvaren |
| Status 2019 | Pågåande. Ein del av kulturminneplanarbeidet i kommunane |
| Status 2020 | Ein del av kulturminneplanarbeidet i kommunane: Statuskart (bruk Chrome-nettlesar) |
| 16. Innsatsområde | Museumsløft |
| *Mål* | *Museumsløftet skal styrke musea og vidareutvikle gjeldande satsingar. Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjonar, og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og notid.* |
| **Tiltak** | **A. Styrke musea i høve drift og investering** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Status 2019 | Vert prioritert via tilskotsordninga Museumsløft 2019 |
| Status 2020 | Det vert arbeida med etablering av fellesmagasin for musea. I nord er prosjektet byggeklart, i sør arbeider ein framleis på forprosjektnivå. |
| 17. Innsatsområde | Kulturminne som ressurs |
| *Mål* | *Kulturminne og kulturlandskap som ressurs til kunnskap, opplevingar og bruk skal løftast fram* |
| **Tiltak** | **A. Utarbeide planar for skjøtsel og formidling av prioriterte kulturminne i alle kommunar** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |

| | |
|---|---|
| Aktuelle partnarar | Kommunane, dei regionale ansvarsmusea |
| Status 2019 | Er prioritert i vedtekne kommunale kulturminneplanar |
| Status 2020 | Er prioritert i vedtekne kommunale kulturminneplanar |
| **Tiltak** | **B. Vidareutvikle kompetanse om vern gjennom bruk** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, musea, næringsaktørar |
| Status 2019 | Etablert læringsarena innan tradisjonshandverk i lag med Fagskolen i Hordaland. Kurs for byggesakshandsamarar i kommunane om vern gjennom bruk. Formidling om vern gjennom bruk via Bygningsvernkonsulentordninga. |
| Status 2020 | Med statlege tilskot til kompetanseutvikling skal Vestland arrangere ei samling/seminar for museum, bygningsvernkonsulentar og kommunane for å auka kompetansen om vern gjennom bruk |
| 18. Innsatsområde | Utvalde kulturminnekategoriar |
| *Mål* | *Kulturminnekategoriar der Hordaland merkar seg ut skal gjevast særskild merksemd i planperioden.* |
| Status 2019 | Pågåande, som del av arbeid med registrering av kulturminne av regional verdi |
| Status 2020 | Pågåande, som del av arbeid med registrering av kulturminne av regional verdi. |
| 19. Innsatsområde | Verdsarv |
| *Mål* | *Forvaltinga av verdsarven i Hordaland skal ha lokal, regional og nasjonal forankring.* |
| **Tiltak** | **A. Etablere verdsarvsenter på Bryggen** |
| Ansvar | Miljøverndepartementet, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune |
| Aktuelle partnarar | Museum vest, Bymuseet i Bergen, Stiftelsen Bryggen, Bryggen Private gårdeierforening |
| Status 2019 | Verdsarvrådet og fagrådet for Bryggen arbeider vidare med dette |
| Status 2020 | Verdsarvrådet og fagrådet for Bryggen arbeider vidare med dette. Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap og Nærøyfjorden verdsarvparkar arbeidet også med etablering av eit senter i Aurland. Verdsarvsenteret på Urnes er under etablering |
| **Tiltak** | **B. Utvikle verdsarven som ressurs for reiseliv og friluftsopplevingar** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/kultur- og idrettsavdelinga/Regionalavdelinga,kommunane |
| Aktuelle partnarar | Sogn og Fjordane fylkeskommune, kommunane, næringsliv, lag- og organisasjonar, Bergen og Hordaland Turlag |
| Status 2019 | Verdsarvrådet og fagrådet for Bryggen arbeider vidare med dette |
| Status 2020 | Forvaltningsplan for Bryggen, inkludert berekraftig besøksforvalting, er under utarbeiding. |
| **Tiltak** | **C. Utarbeide strategi for bevaring og formidling av Verdas dokumentarv i Hordaland (Lepraarkiva, Medisinsk fødselsregister, Sophus Tromholt si fotosamling, fotosamlinga til Knud Knudsen og arkiva etter Nordlandshandelen)** |
| Ansvar | Bergen Byarkiv/ Universitetet i Bergen /Statsarkivet i Bergen |
| Aktuelle partnarar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga, Bymuseet i Bergen |
| Status 2019 | Pågåande |
| Status 2020 | Pågåande |
| 20. Innsatsområde | Lokalt kulturminnevern og museum |

| | |
|---|---|
| *Mål* | *Det lokale kulturminnevern- og museumsarbeidet skal styrkast* |
| **Tiltak** | **A. Utarbeide kommunedelplanar for kulturminnevern** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga, kommunane |
| Aktuelle partnarar | Musea, Riksantikvaren, frivillige lag og organisasjonar |
| Status 2019 | Alle kommunane i Hordaland har starta opp arbeid med kulturminneplan, men ikkje alle er ferdige. |
| Status 2020 | Alle kommunane i Vestland har starta opp arbeid med kulturminneplan, men ikkje alle er ferdige: Statuskart: https://experience.arcgis.com/experience/3be6ae8a10ef41f283bb744a94ec90e7/Statuskart |
| **Tiltak** | **B. Styrke ordninga med bygningsvernkonsulentar** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, musea |
| Status 2019 | Pågåande, må samkoordinerast med Sogn og Fjordane. Må sjåast i samanheng med kompetansekartlegging av bygningsvern og tradisjonshandverk i Vestland fylke. |
| Status 2020 | Det er løyva statlege prosjekttilskot til å vidareutvikle bygningsvernkonsulentordninga slik at denne kan styrkast. Ved Nærøyfjorden verdsarvpark er det løyvd prosjektmidler i 2020 til ein tilsvarande ressurs. |
| **Tiltak** | **C. Etablere ordningar for å styrke frivillig sektor og nye samarbeid om kulturarv** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune, kommunane |
| Aktuelle partnarar | Lag og organisasjonar |
| Status 2019 | Pågåande. Må sjåast i samanheng med regionreforma. |
| Status 2020 | Det er etablert ny driftstilskotordning retta mot frivillige som tek vare på regionale og nasjonale kulturminne. |
| 21. Innsatsområde | Kulturminneforvaltning |
| *Mål* | *Kulturminnevernet skal spegle nasjonal kulturminnepolitikk og finne tilpassa løysingar på regionale og lokale utfordringar.* |
| **Tiltak** | **A. Prioritere oppdatering av kulturminnedatabasar og tilstandsregistrering av freda kulturminne** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune, Universitetsmuseet i Bergen |
| Aktuelle partnarar | Riksantikvaren |
| Status 2019 | Tilstandsregistrering av freda bygg i privat eige er eit kontinuerleg arbeid. Ein er i rute til å nå Riksantikvarens mål om maks 5 % ukjent tilstandsgrad ved årsskiftet 2019/20.Pågåande arbeid som må sjåast i samanheng med regionreform og Riksantikvaren sitt arbeid med KF2020. |
| Status 2020 | Pågåande forvaltingsoppgåver |
| **Tiltak** | **B. Utvikling av nye metodar for arkeologisk registrering** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune, Universitetsmuseet i Bergen, |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, Riksantikvaren, Statens vegvesen, Norsk institutt for kulturminneforskning |
| Status 2019 | Pågåande. Må sjåast i samanheng med regionreforma |
| Status 2020 | Det er teke i bruk droner i samband arkeologiske registreringar. Meir bruk av georadar i samband med universitetet i Bergen |
| 22. Innsatsområde | Tradisjonsuttrykk |
| *Mål* | *Tradisjonsuttrykka skal bevarast og vidareutviklast og vere del av eit levande* |

| | |
|---|---|
| | *kulturliv* |
| **Tiltak** | **A. Vidareføre satsinga på tradisjonsmusikk og –dans** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga, Hardanger og Voss museum, Ole Bull akademiet |
| Aktuelle partnarar | Norsk kulturskuleråd – Hordaland, organisasjonar, kommunar |
| Status 2019 | Pågåande; gjennom fylkesmusikarar, driftsstilskot til Ole Bull akademiet, Osafestivalen og Hardingfela.no. Det er elles gitt ut folkemusikkstipend og løyvd ekstra prosjekttilskot til m.a. dansesatsing. |
| Status 2020 | Pågåande; gjennom fylkesmusikarar, driftsstilskot til Ole Bull akademiet, Osafestivalen og Hardingfela.no. Det er elles gitt ut folkemusikkstipend og løyvd ekstra prosjekttilskot til m.a. dansesatsing. Vestland fylkeskommunen vil i løpet av 2020 sjå på korleis musikarordningane kan vidareutviklast. Tradisjonsuttrykka har ein sentral plass i dette arbeidet. |
| **Tiltak** | **B. Vidareutvikle tradisjonelle handverk** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Musea, byggebransjen, tekstilbransjen, Bergen Arkitekthøgskole, Kunst- og designhøgskolen i Bergen, Noregs husflidslag, Economuseé |
| Status 2019 | Pågåande; i ulike institusjonar og gjennom enkeltkunstnar/-handverkarar. Det er gitt prosjekttilskot til ulike aktørar innan feltet. Vestnorsk kulturakademi og mange av musea som får driftsstilskot jobbar med dette, i tillegg har det vore gitt prosjekttilskot innan feltet. |
| Status 2020 | Pågåande; i ulike institusjonar og gjennom enkeltkunstnar/-handverkarar. Det er gitt prosjekttilskot til ulike aktørar innan feltet. Vestnorsk kulturakademi og mange av musea som får driftsstilskot jobbar med dette, i tillegg har det vore gitt prosjekttilskot innan feltet. |
| **Tiltak** | **C. Etablere bygningsvernsenter for etter- og vidareutdanning av handverkarar** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga, Vestnorsk kulturakademi, musea |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, Kulturdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Kunnskapsdepartementet |
| Status 2019 | Er etablert. |
| Status 2020 | Arbeid med vidareutvikling av læringsarena for tradisjonshandverk ved Fartøyvernsenteret i Nordheimsund. Prosjekttilskot til Fartøyvernsenteret for å sjå handverksutdanning retta mot fartøyvern. |
| **Merknad** | Må sjåast i samanheng med Fagskolen i Hordaland og etablering av læringsarena for klassisk restaurering og tradisjonshandverk |
| **Tiltak** | **D. Ivareta tekstilarven** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune, musea, Kunst- og designhøgskolen i Bergen |
| Aktuelle partnarar | Husflidslag, bransjen, Economuseé, Vestnorsk kulturakademi |
| Status 2019 | Pågåande; i ulike institusjonar og gjennom enkeltkunstnar/-handverkarar. Prosjektstøtte til enkeltprosjekt. |
| Status 2020 | Pågåande; i ulike institusjonar og gjennom enkeltkunstnar/-handverkarar. Prosjektstøtte til enkeltprosjekt. Museumssenter har regionalt ansvar for feltet. |
| **Tiltak** | **E. Ivareta tradisjonsuttrykk i kystkulturen** |
| Ansvar | Musea |
| Aktuelle partnarar | Frivillige organisasjonar |
| Status 2019 | Vert stimulert i ulike tilskotsordningar. Eks. Fartøyvernsenteret, Oselvarverkstaden, Sunnhordland museum m.m. |
| Status 2020 | Vert stimulert i ulike tilskotsordningar retta mot både prosjekt og drift. Regionreforma har styrka mangfaldet i tradisjonsuttrykk i kystkulturen i |

| | |
|---|---|
| | Vestland. |
| **Tiltak** | **F. Styrke vidaregåande opplæring i tradisjonshandverk** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga/Opplæringsavdelinga, |
| Aktuelle partnarar | Musea, bransjen |
| Status 2019 | Er etablert gjennom læringsarena tradisjonshandverk ved Fagskolen i Hordaland, lokalisert ved Fartøyvernsenteret i Nordheimsund |
| Status 2020 | Arbeid knytt til utvikling av læringsarena og tilbod retta mot dei vidaregåande skulane. |

# 5.6: Arkiv

| 23. Innsatsområde | Heilskapleg samfunnsdokumentasjon |
|---|---|
| *Mål* | *Alle grupper og enkeltindivid i samfunnet skal ha tilgang til dokumentasjon som sikrar rettstryggleik, identitet og kunnskap om fortida* |
| **Tiltak** | **A. Samle inn og gjere tilgjengeleg arkiv som har stor kulturell, rettsleg, forsking- eller forvaltningsmessig verdi** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Hordaland fylkeskommune/Organisasjonsavdelinga, Bergen Byarkiv, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Interkommunal arkiv Hordaland, Universitetet i Bergen, musea i Hordaland, Riksarkivet/Statsarkivet i Bergen, Senter for Industriarkiv |
| Status 2019 | Pågåande. Ein del av fylkesarkivet sitt kontinuerlege arbeid. |
| Status 2020 | Pågåande. Ein del av fylkesarkivet sitt kontinuerlege arbeid.<br>Bevarings- og formidlingsprosjekt:<br>• «Nettartiklar om opphavet til stadnamn» (formidling av lokale stadnamn). Starta 2019, avslutta 2020.<br>• «Fotoarkivet etter fotograf Elen Loftesnes» (fotobevaring og -formidling). Starta 2019, ferdigstilling 2020.<br>• «Vestlandet på film: Videoarkivet etter Vest Vision AS» (bevaring av levande film). Oppstart utsett i påvente av NB sin digitaliseringsplan.<br>• «Då alle var gamle, songane rare, og verda i svart kvitt» (formidling av tradisjonsmusikk). Utsett / vurdert avlyst grunna manglande finansiering. |
| **Tiltak** | **B. Utvikle tenelege organisatoriske løysingar for å bevare og formidle offentlege og private arkiv** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Hordaland fylkeskommune/Organisasjonsavdelinga, Bergen Byarkiv, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Interkommunal arkiv Hordaland, Universitetet i Bergen, musea i Hordaland, Riksarkivet/Statsarkivet i Bergen, Senter for industriarkiv |
| Status 2019: | Vi jobbar med å få på plass gode fellesløysingar i samanheng med regionsreforma. |
| Status 2020 | Pågåande.<br>• Kartlegging: Spørjeundersøking sendt ut i 2019 til bl.a. kommunar, historie-/sogelag og museum i Hordaland som oppbevarer kulturhistorisk kjeldemateriale. Vidare oppfølging av restansar og analyse av innkomen data i 2020.<br>• Systemutvikling: Utvikling av nye fagsystem/webarkiv for fylkesarkivet sine spesialsamlingar innan foto, musikk, amerikabrev, lag og organisasjonar, møtebokregister og multimedia starta i 2019, sluttførast i 2020.<br>• Avklaringar m.o.t. tenestenivå for fylkeskommunen sitt medlemskap i kommunearkivordninga<br>• Deltaking i regionalt nettverk for privatarkivområdet<br><br>Hospiteringsopphald for bachelorstudentar frå HVL vart byrja i 2019 og held fram vidare. |
| **Tiltak** | **C. Utvikle samhandlingsplan for privatarkiv** |

| | |
|---|---|
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Bergen Byarkiv, Lokalhistorisk Arkiv Bergen. Interkommunal arkiv Hordaland, Universitetet i Bergen, musea i Hordaland, Riksarkivet/Statsarkivet i Bergen |
| Status 2019 | Vi har i samarbeid med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane søkt om utviklingsmidlar frå Arkivverket, og satsar på å komme i gong frå 2020. |
| Status 2020 | Arkivverket har løyvd midlar til Bevaringsplan for privatarkiv i Vestland. Planlagt oppstart 2020/21. |
| **Tiltak** | **E. Utarbeide og gjennomføre strategi for digital dokumentfangst (depot), bevaring og formidling av digitale tenester for offentleg og privat sektor i Hordaland** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle aktørar | Hordaland fylkeskommune/Organisasjonsavdelinga, Bergen Byarkiv, Universitetet i Bergen, musea i Hordaland, Riksarkivet/Statsarkivet i Bergen, Senter for Industriarkiv |
| Status 2019 | Det er utarbeidd ein deponeringsplan for fagsystema i Hordaland fylkeskommune. Det har vore arbeidd langsiktig for å samle alle sak-arkiv-data frå Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune i eit felles sak/arkiv-system – målet er at dette skal være samla på ein stad i løpet av 2020.<br>Dermed vil ein få ei formidlings-/innsynsløsning integrert i sak/arkiv-systemet. |
| Status 2020 | Kontinuerleg satsing og del av tenestetilbodet for medlemmene i Kommunearkivordninga i Vestland. |
| 24. Innsatsområde | Lokalhistorisk arbeid |
| *Mål* | *Styrke det lokalhistoriske arbeidet som ein identitetsskapande ressurs i lokalsamfunna* |
| **Tiltak** | **A. Utvikle den lokalhistoriske kompetansen i fylket** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle aktørar / partnarar | Musea, biblioteka, lokalhistoriske lag og organisasjonar, Norsk lokalhistorisk institutt, UiB - Historisk institutt/AHKR, kommunane |
| Status 2019 | Pågåande. Ein del av fylkesarkivet sitt kontinuerlege arbeid. |
| Status 2020 | Pågåande. Ein del av fylkesarkivet sitt kontinuerlege arbeid. |
| **Tiltak** | **C. Styrke arbeidet med rettleiing, innsamling og digital formidling av stadnamn i Hordaland** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | UiB, Kommunane, frivillige lag- og organisasjonar |
| Status 2019 | Vi har ein dialog med UiB, men har ikkje prioritert fagområdet i 2019 då vi ser det i samanheng med fylkessamanslåinga. |
| Status 2020 | Etablert arbeidsgruppa for å sjå på mogleg samarbeid. om stadnamn i heile Vestland. Dialog med Språksamlingane UiB. Samarbeid med Nordhordland etablert. |
| **Tiltak** | **D. Gjere arkivmateriale frå folkemusikkarkiva betre tilgjengeleg og samordne informasjon som ligg i arkiva** |
| Ansvar | Hardanger og Voss museum |
| Aktuelle partnarar | UiB, Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga, Ole Bull Akademiet |
| Merknad | Må sjåast i samanheng med innsatsområde 22A Tradisjonsuttrykk |
| Status 2020 | Nye fagsystem/webarkiv for Vestland fylkeskommune sine spesialsamlingar innan foto, musikk, amerikabrev, lag og organisasjonar, møtebokregister og multimedia starta i 2019, ferdigstilling i 2020. |
| 25. Innsatsområde | Fotobevaring |

| | |
|---|---|
| *Mål* | *Den nasjonalt viktige rolla som Bergen og Vestlandet har i fotohistorisk tradisjon og forsking skal utviklast vidare* |
| **Tiltak** | **D. Styrke kompetansen på fotobevaring til kommunar og ikkje profesjonelle aktørar i fylket** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Musea i Hordaland, kommunane, frivillige lag- og organisasjonar |
| Status 2019 | Dette området har ikkje vore prioritert i 2019, då ein avventar ei felles satsing etter fylkessamanslåinga. |
| Status 2020 | Del av fylkesarkivet sitt kontinuerlege arbeid i gamle Sogn og Fjordane, og er vidareført til å femne heile Vestland. Når det gjeld gamle Hordaland spesifikt er det etablert samarbeid om fotobevaringsprosjekt med Etne og Vaksdal kommunar samt Museum Vest |

# 5.7: Kunstproduksjon og kulturformidling

| 26. Innsatsområde | Vegen inn i kunst- og kulturlivet |
|---|---|
| *Mål* | *Vegen inn i kunst- og kulturlivet for barn og unge skal ha høg kvalitet og solid struktur på alle nivå. Alle barn skal ha høve til å ta del i og oppleve kunst og kulturuttrykk* |
| **Tiltak** | **A. Utarbeide strategisk plan for kunst- og kulturformidling i skulane i Hordaland** |
| Ansvar | Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga/Opplæringsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningssektoren |
| Status 2019 | Ikkje realisert. Arbeidet vil evt takast opp igjen i VLFK. |
Følgje opp vedtaket innan 1.mars 2019 om søknaden til staten om tilskot til å realisere museumsutbygginga i Movika, «Kløften»

*Ansvar: Musea i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, Førde kommune (på vegner av Jølster, Gaular, Naustdal, Fjaler og Førde kommune)*

**Status 2019, 2020:**
Museumsutbygginga i Movika, "Kløften" er skrinlagt i 2019. Fellesmagasin vert realisert i Angedalen.i Sunnfjord kommune.

**Fylkesarkivet**

Avklare rolle og organisering av fylkesarkivet i det nye fylket

*Ansvar: fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane (no Kommunearkivordninga i Vestland) etablert som kommunalt oppgåvefellesskap § 19 i kommunelova f.o.m. 01.01.2019.
Ut over dette pågåande, avklaringar internt og eksternt.

- Avklaringar m.o.t. tenestenivå for fylkeskommunen sitt medlemskap i kommunearkivordninga
- Deltaking i regionalt nettverk for privatarkivområdet

Syte for at fylkesarkivet kan handtere avleveringsbehovet og digitaliseringsbehovet i kommunane

*Ansvar: fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**

- Kartlegging: Behovet til medlemmene i kommunearkivordninga er kartlagt.
- Arbeid med strategi- og økonomiplan for kommunearkivordninga i gang.
- Rom- og funksjonsprogram for nytt arkivdepot under utarbeiding.

Arbeide for at den samla samfunnsdokumentasjonen i regionen vert teken vare på og formidla

*Ansvar: fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
Bevarings- og formidlingsprosjekt:

- «Perler av elde» (tidl. «Old Shit, New Wrapping») formidling av tradisjonsmusikk. Gjennomført i 2019.
- «Nettartiklar om opphavet til stadnamn» formidling av lokale stadnamn. Starta 2019, avslutta 2020.
- «Fotoarkivet etter fotograf Elen Loftesnes»
  fotobevaring og -formidling. Starta 2019, ferdigstilling 2020.
- «Vestlandet på film: Videoarkivet etter Vest Vision AS»
  bevaring av levande film. Oppstart utsett i påvente av NB sin digitaliseringsplan.
- «Då alle var gamle, songane rare, og verda i svart kvitt»
  formidling av tradisjonsmusikk. Utsett / vurdert avlyst grunna manglande finansiering.

Bevaringsplan for privatarkiv:

- Prosjekt med å utarbeide bevaringsplan for privatarkiv. Oppstart 2020/21. Planen vil legge grunnlag for vidare satsingar.

Systemutvikling:

- Utvikling av nye fagsystem/webarkiv for fylkesarkivet sine spesialsamlingar innan foto, musikk, amerikabrev, lag og organisasjonar, møtebokregister og multimedia starta i 2019, sluttførast i 2020.
- Semantisk web-prosjektet (avslutta 2019)

Tilby rettleiing og tenester til lokale aktørar som frivillige organisasjonar, kommunar, museum mfl. innanfor fagområda privatarkiv, stadnamn, fotobevaring og tradisjonsmusikk/-dans

*Ansvar: fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
Pågåande og ein del av fylkesarkivet sitt kontinuerlege arbeid.

- Harmonisering av informasjon til publikum på fylkesarkivet.no («Fylkesarkivet i Vestland») gjort i 2020.
- Kartlegging: Spørjeundersøking sendt ut i 2019 til bl.a. kommunar, historie-/sogelag og museum i Hordaland som oppbevarer kulturhistorisk kjeldemateriale. Vidare oppfølging av restansar og analyse av innkomne data i 2020.

Hospiteringsopphald for bachelorstudentar frå HVL vart byrja i 2019 og held fram vidare.

# Kunstproduksjon og formidling

## Generelt

Samarbeide med og støtte opp om regionale bransjetiltak som nettverk og kompetanseorgan på kunstfeltet

*Ansvar: fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
Driftstilskot til regionale nettverks- og kompetanseorganisasjonar som Brak, Procen, Vestnorsk jazzsenter. Det har i tillegg vore gitt prosjekttilskot til slike organisasjonar for at dei kan utvikle sin aktivitet og betre dekke heile det nye fylket.

## Visuell kunst og kunsthandverk

Styrkje rammevilkåra for kunstnarane i Sogn og Fjordane gjennom å vidareutvikle stipendordningar i kommune og fylke, nytte statlege stipendordningar, delta på Innovasjon Norge sine kompetansehevande tiltak for kulturnæringane, byggje ut produksjons- og utstillingslokale, kunstnarbustader, støtte vidare utvikling av PreForm, Kunstbygda Balestrand m.m.

*Ansvar: kunstnarorganisasjonane, kommunane, fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
Fleire stipend til kunstnarar etablert. PreForm er støtta økonomisk.

Gjere kjent og nytte Kunst i Offentlege Rom (KORO) ved all offentleg og privat utbygging av det offentlege rom

*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
Det vart arrangert ei samling i Førde 2019 om kunst i offentleg rom. I juni 2020 vedtok fylkestinget at Vestland skal setje av 1,2% av entreprisekostnaden på sine bygg til kunstnarleg utsmykking etter oppsette retningsliner

Stimulere kunstformidlinga i fylket gjennom nettverk og fagmiljø på tvers av kommunane, styrkje kunstlaga og arbeide for eigna utstillingslokale

*Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, kunstlaga, MiSF*

**Status 2019, 2020:**
Starta nettverksarbeid med fagmiljøa i samband med konferanseplanlegging og -gjennomføring.

## Musikk

Utvikle godt samarbeid mellom kulturskulane og det frivillige musikklivet

*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, frivillig sektor*

**Status 2019, 2020:**
I hovudsak lokal oppfølging så langt.

| |
|---|
| Byggje vidare på folkemusikktradisjonen i fylket (m.a. sikre at folkemusikkstillingar vert integrerte i distriktsmusikarordninga)<br><br>*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, frivillig sektor*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>• Fem nye distriktsmusikarstillingar på plass i 2019 i kommunane Førde, Gloppen, Sogndal og Lærdal.<br>• Fornya samarbeidsavtale med diskriktsmusikarkommunane 2019-2024.<br>• Fylkeskommunen vil i løpet av 2020 greie ut korleis musikarordningane kan vidareutviklast.<br>• Tradisjonsuttrykka har ein sentral plass i dette arbeidet.<br>• Folkemusikkstipend etablert i 2020. |
| Få til varierte opplæringstilbod innan ulike musikksjangrar (t.d. gjennom opplæringstilboda i kulturskulane, samarbeid mellom kulturskulane, dei fylkesdekkande opplæringstilboda innan musikk, dans og drama og kantorane, vidareføring av distriktsmusikarordninga)<br><br>*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, kyrkja, frivillig sektor*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Fylkeskommunen og kommunane har styrka distriktsmusikarordninga. Elles fagleg utvikling og oppfølging gjennom direkte kontakt og samarbeid mellom aktørane i miljøet. Fylkesdekkande opplæringstilbod innan musikk, dans, drama er oppretthelde. |
| Sikre profesjonelle musikktilbod i fylket (m.a. sikre Sogn og Fjordane symfoniorkester økonomisk handlingsrom, leggje til rette for jamlege besøk av større profesjonelle orkester og utøvarar, arbeide for at fleire profesjonelle musikarar etablerer seg i fylket)<br><br>*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, frivillig sektor*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Vert gjort gjennom distriktsmusikarordninga. Fylkeskommunen støttar også opp om ulike profesjonelle musikktiltak, m.a. Sogn og Fjordane symfoniorkester, tilskot til festivalar, m.fl. |
| Sikre gode rammevilkår for eit variert festivaltilbod i fylket, og vidareføre ordninga med festivalstrategi i Vestland fylkeskommune<br><br>*Ansvar: fylkeskommunen*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Festivalstrategien har lagt føringar for prioritering av tilskot til festivalar i fylket. |
| Arbeide for kommunale og regionale tilskotsordningar for skaparar og utøvarar av musikk, arrangement og festivalar (t.d. gjennom stipend og hospitantordningar, kunstnarbustader)<br><br>*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Følgt opp via tilskotsordningar |

| |
|---|
| Oppretthalde festivalstrategiordninga regionalt, og arbeide for 5- årige og 3-årige avtalar med Norsk kulturråd<br><br>*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Festivalstrategien legg føringar her. Fylkeskommunen har støtta søknader om fleirårige løyvingar. |
| **Scenekunst** |
| Styrkje og utvikle scenekunstinstitusjonar som Sogn og Fjordane teater, Opera Nordfjord, Teaterfestivalen i Fjaler som produserande og formidlande institusjonar.<br><br>*Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, institusjonane*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Gjennom ordinære løyvingar og ev prosjekttilskot. |
| Arbeide for varierte teater- og dansetilbod i heile fylket (m.a. gjennom å stimulere til etablering av frie teatergrupper og festivalar og ved å leggje til rette for godt samarbeid mellom profesjonelle og amatørar/frivillig sektor<br><br>*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, institusjonane, organisasjonane*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Gjennom støtte til Teaterfestivalen i Fjaler, Dans utan grenser og andre større prosjekttiltak. |
| Vidareføre satsinga på Dans utan grenser<br><br>*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Støtte til Dans utan grenser er vidareført i Vestland fylkeskommune |
| Oppretthalde eit godt utdanningstilbod innan musikk, dans og drama, og stimulere til samarbeid mellom kulturskular, andre kulturaktørar og vidaregåande opplæring innan estetiske fag<br><br>*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Skjer gjennom dei kommunale kulturskulane og Firda vgs (fylkesdekkande tilbod i musikk, dans, drama), og deira samarbeidspartnar. |
| **Kino, film** |
| Sikre kinoane gode rammevilkår for drift og utvikling<br><br>*Ansvar: kommunane*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Lokal oppfølging |

| |
|---|
| Styrkje vilkåra for å produsere film i fylket (m.a. ved å vidareføre og auke satsinga på Vestnorsk filmsenter og filmfondet Zefyr, stipend og utviklingsmidlar)<br><br>*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, Vestnorsk filmsenter*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Tilskot til filmsatsinga er vidareført i Vestland fylkeskommune |
| Stimulere produksjon av ungdomsfilm gjennom vidaregåande opplæring<br><br>*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, Vestnorsk filmsenter*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Følgt opp gjennom Vestnorsk filmsenter og den enkelte vgs. |
| Samarbeid om å utvikle Sogn og Fjordane som lokasjon for filminnspeling (m.a. stimulere til etablering av mottakmiljø for filminnspeling gjennom reiseliv eller destinasjonsselskap)<br><br>*Ansvar: private aktørar, fylkeskommunen*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Gjennom tilskot til filmkommisjonen og Zephyr. |
| **Litteratur** |
| Vidareutvikle Jakob Sande-tunet som formidlingsarena og forfattarbustad<br><br>*Ansvar: Jakob Sande-selskapet, Fjaler kommune, fylkeskommunen*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Støtte til forprosjekt og hovudprosjekt i 2019 for å etablere Jakob Sande-senter for forteljarkunst og produserande instans. Støtte vidareført i Vestland fylkeskommune i 2020. Oppnådd statleg støtte til satsinga i 2020. |
| Initiere litteraturformidlingstiltak i samarbeid mellom offentleg og privat sektor (t.d. desentraliserte litteraturhus, Rom for ord, Bokbyen i Fjærland)<br><br>*Ansvar: privat sektor, fylkeskommunen,kommunane*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Gjennom drifts- og prosjektstøtte til Nynorske Litteraturdagar, Bokbyen i Fjærland og Rom for ord. |

## Kulturelle kraftsenter

Vidareutvikle og synleggjere kraftsentra som kunnskapsspreiarar og inspiratorar

*Ansvar: institusjonane, kommunane, fylkeskommunen, staten*

**Status 2019, 2020:**
Følgt opp gjennom ordinært driftstilskot og/eller prosjekttilskot. Nytta i relevant kunnskaps-, motivasjons- og utviklingsarbeid.

---

Stimulere til nye etableringar innan ulike fagområde, inkludere både offentlege og private aktørar

*Ansvar: kulturaktørar, kommunane, fylkeskommunen, staten*

**Status 2019, 2020:**
Prosjekt- og driftsstøtte til etablering av Jakob Sande-senter for forteljarkunst
Vedtak om regionalt pilegrimssenter i Selje som oppfølging av arbeidet med Kytspilegrimsleia
Økonomisk støtte til plan for visningssenter for Astruptunet
Økonomisk støtte til fellesmagasin for Musea i Sogn og Fjordane
Politisk og økonomisk støtte til prosessen med å realisere Nynorskhus i Førde

---

Greie ut kva verkemiddel som kan takast i bruk i arbeidet for etablering og vidareutvikling av kulturelle kraftsenter/fyrtårn

*Ansvar: fylkeskommunen i samarbeid med aktuelle FoU-miljø og kommunane*

**Status 2019, 2020:**
Ikkje sett igong spesifikt arbeid med dette.

---

Vurdere å opprette ei stipendordning for å stimulere til masteroppgåver om kultur som kraft i nærings- og samfunnsutviklinga

*Ansvar: fylkeskommunen, FoU-miljø*

**Status 2019, 2020:**
Ikkje gjennomført enno

# Tidleg engasjement

## Generelt

Etablere ordningar som sikrar at barn og unge får høve til å delta i kulturaktivitetar frå tidleg alder uavhengig av sosial bakgrunn (økonomiske, sosiale og praktiske verkemiddel)

Følgje opp «fritidserklæringa», og sikre at alle barn og unge kan delta i minst ein fritidsaktivitet.

*Ansvar: kommunane, organisasjonane, institusjonane*

**Status 2019, 2020:**
Lokal oppfølging

Sikre eit variert tilbod om opplæring innan ulike kulturuttrykk for barn og unge (m.a. gjennom satsing på kulturskulane, Dans utan grenser, talentutviklingsprogram, frivillige organisasjonar)

*Ansvar: kommunane, fylkeskommunane, frivillig sektor*

**Status 2019, 2020:**
I hovudsak gjennom lokal oppfølging

Leggje til rette for å hjelpe fram unge talent (t.d. gjennom arbeid med estetiske fag i skulen, kulturskuletilbod, aktive ungdomsklubbar, fysiske møteplassar for dataspeling, Ung Kultur Møtest)

*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, frivillig sektor*

**Status 2019, 2020:**
Gjennom kulturskulane, Den kulturelle skulesekken og Ung Kultur Møtest får barn og unge kunnskap, opplevingar og høve til å utvikle ferdigheiter.

Inkludere barn og unge i planleggingsprosessar, utarbeide kunnskapsgrunnlag om barn og unge sin kulturbruk, få til tettare tverrfagleg samarbeid mellom oppvekst- og fritidsfeltet

*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, frivillig sektor*

**Status 2019, 2020:**
Gjennom "Teikn ditt skuleområde", Ungdommens fylkesting/ungdomspolitisk utval.
Arbeid med kunnskapsgrunnlag som del av arbeid med regional plan.

## Kulturskulane

Utarbeide planar for kulturskulane med tanke på organisering, breiddetilbod, talentsatsing m.m.
Styrkje kulturskulane som arena for menneske med behov for tilrettelagt opplæring

*Ansvar: Kommunane*

**Status 2019, 2020:**
Lokal oppfølging

Styrkje fylkeskommunen si rolle overfor kulturskulane (følgje opp nasjonal avtale om tettare samarbeid mellom kulturskulane, UKM og DKS) på regionalt nivå

*Ansvar: fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
Konferansen «Felles barn, felles ansvar» i samarbeid med UKM og Norsk kulturskoleråd vart arrangert i september 2019.

Arbeide for at hybelbuarar i vidaregåande opplæring får kulturskuletilbod på skulestaden

*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
I hovudsak oppfølging i samarbeid mellom kommunar

**Kulturformidling til barn og unge, DKS**

Arbeide for å auke kontakten mellom kulturfeltet og skulane og integrere kunst- og kultur i skulane sine planar (DKS)

*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, skulane*

**Status 2019, 2020:**
Konferansen «Felles barn, felles ansvar» for rektorar i grunnskulen og kulturkontaktane i kommunane i Sogn og Fjordane vart arrangert september 2019.

Samarbeide med Hordaland fylkeskommune om oppretting av fagråd for DKS

*Ansvar: fylkeskommunane*

**Status 2019, 2020:**
I samarbeid med Hordaland fylkeskommune vart det etablert ei overgangsordning for DKS-programmet for skuleåret 2020-2021. Mellom anna vart det sett ned faggrupper for kvart av uttrykka i DKS og eit overordna fagleg råd.
Produskonane som vart meldt inn til DKS Vestland innan 1. oktober vart vurderte av faggruppene, som på bakgrunn av dette tilrådde produksjonar som kunne inngå i det endelege DKS-programmet.
Fagleg råd var delegert mynde til å vedta endeleg program etter tilråding frå fylkesdirektør.

Auke elevmedverknad i alle ledd i DKS, frå produksjon og utveljing til gjennomføring og evaluering, og delta i 3-årig prosjekt i regi av Kulturtanken om elevmedverknad i DKS, i samarbeid med Hordaland fylkeskommune

*Ansvar: fylkeskommunane, Kulturtanken*

**Status 2019, 2020:**
Hordaland og Sogn og Fjordane arrangerte, saman med Kulturtanken, nettverkskonferanse i Bergen 26.september 2018 med tema Elevmedverknad i DKS. Drøftingar og døme knytt til elevmedverknad i all ledd frå programmering til presentasjon og evaluering. Vestland ungdomsutval valde ut 6 produksjonar til programmet for DKS-programmet 2020-2021.

Ha eit tett samarbeid med biblioteka, festivalar og andre tilbod i kommunane om turneane i DKS

Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, arrangørar

**Status 2019, 2020:**
I Sogn og Fjordane var ein representant for fylkesbiblioteket med i programmeringsprosessen for å legge til rette litteratur knytt til tilboda i DKS-programmet. Bøkene vart administrert til skulane av fylkesbiblioteket. Samarbeid med alle musea i Sogn og Fjordane om DKS-tilbodet - Tidskapselen. Deltok i utarbeiding av ny musikkproduksjon i lag med Førdefestivalen.

Fylkesbiblioteket har samarbeidd med DKS, skular og folkebibliotek om å arrangere formidlingsturnear på dagsturhyttene.

---

Etablere eit forpliktande arbeid i høve nye nynorskproduksjonar for DKS

*Ansvar: fylkeskommunen, Kulturtanken, kulturaktørar*

**Status 2019, 2020:**
Sogn og Fjordane fylkeskommune starta prosjektet Nynorsk i DKS, og innleia samarbeid med Kulturtanken. Det er oppretta ei arbeidsgruppe og utarbeidd ein prosjektomtale. Kulturtanken er prosjekteigar med prosjektleiar og DKS Vestland har leiar for arbeidsgruppa. Det er eit nasjonalt prosjekt med mål om å stimulere til fleire DKS-produksjonar på nynorsk med høg kvalitet.

---

Stimulere til utvikling av kunst- og kulturprogram for barn i barnehage, og bidra til språkleg tryggleik

*Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, høgskule, kulturinstitusjonar, Kulturtanken*

**Status 2019, 2020:**
Støtte opp om pilotprosjekt i regi av Sunnfjord kommune; prosjekt Kulturbarn 0-8 i 2019-2021. Grunna Covid-19 er prosjektet forseinka, og vert jobba med over lenger tid.

---

**Ung Kultur Møtest (UKM)**

Vidareutvikle UKM som arrangement for ungdom i alderen (10) 13-20 i alle kommunane og på fylkesnivå (breidde i tilbod, nye deltakargrupper)

*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
UKM-festivalar er arrangerte i kommunane, fylkeskommunen og nasjonalt i 2019. I 2020 måtte fylkesfestivalane og landsfestivalen avlysast grunna covid-19-pandemien. Ei rekkje digitale tilbod vart utvikla som erstatning for dei fysiske samlingane.

---

Sikre fagleg oppdatering av kommunane gjennom nettverksarbeid og årleg fagsamling om ungdom

*Ansvar: fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
UKM Norge og fylkeskommunen har tett kontakt med kommunane. Fagsamling vart arrangert i 2019. Tilsvarande vil verte arrangert i 2020, anten fysisk eller digitalt.

| |
|---|
| Utvikle UKM som møteplass for ungdom med ungdomsmedverknad i planlegging og gjennomføring. Vidareføre ressursgruppe med ungdom knytt til fylkesfestivalen<br><br>*Ansvar: fylkeskommunen, kommunane*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Ressursgruppa var aktiv i avviklinga av fylkesfestivalen i 2019. I 2020 har Unge arrangørar hatt ei sentral rolle. |
| Vidareføre ordninga med ein UKM-strategi i Vestland fylkeskommune<br><br>*Ansvar: fylkeskommunen*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok strategi i 2019. Ikkje utarbeidd eigen strategi for Vestland fylkeskommune |

# Mangfald og fellesskap

## Kultur og helse

Sjå kultur- og helseperspektivet i planprosessar i sterkare grad (forankre perspektivet på leiarnivå i kommunane, fylkeskommunen og statleg regionalt nivå) . Opprette eit forum for leiarar innan kultur, helse, folkehelse og forskingsmiljø

*Ansvar: kommunane og fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
Innspel til kommunale planer. Ev forum vert vurdert i Vestland fylkeskommune, jf kommande prosess i høve ny regional plan for kultur.

Skape rammer for kultursatsing i helse- og omsorgssektoren (t.d. gjennom musikkterapi, kunst- og kulturtilbod på institusjonane, samarbeid mellom kommunane og frivillig sektor)

*Ansvar: kommunane*

**Status 2019, 2020:**
Fylkeskommunen arbeider for å synleggjere og styrkje samanhengen mellom kultur og helse gjennom rådgjeving, nettverksbygging og kompetanseheving.

## Inkludering

Utarbeide planar for inkludering i kommunane og fylkeskommunen

*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
Vestland fylkeskommune skal ta eit tydelegare grep for å setje inkludering på dagsorden, saman med nye oppgåver frå IMDi innan integrering. Intergrering og inkludering vert omtalt i uttale til overordna kommunale planer.

Opprette nettverk for kommunane og frivillig sektor med tema inkludering (minoritetsspråklege, menneske med nedsett funksjonsevne, på tvers av generasjonane m.m.)

*Ansvar: kommunane, frivillig sektor, fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
Vert vurdert i Vestland fylkeskommune

Vidareføre Kulturfestivalen for menneske med utviklingshemming, arbeide for å utvide tilbodet til barn under 16 i festivalen

*Ansvar: fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
Kulturfestivalen gjennomført i 2019, planlagt, men avlyst på grunn av covid-19-pandemien i 2020.

| |
|---|
| Kartleggje kultursektoren sine verktøy for å kunne medverke til integrering av minoritetsspråklege innbyggarar<br><br>*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Vert vurdert i Vestland fylkeskommune |
| **Universell utforming** |
| Arbeide for at tilgjenge for alle og universell utforming vert eit gjennomgåande perspektiv i alt arbeid med kunst og kultur, i tilbod, aktivitetar, utemiljø og bygg<br><br>*Ansvar: kommunane, fylkeskommunen, organisasjonane, institusjonane, private kulturaktørar*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Tema for kompetansesamling for kommunale råd, m.fl. i 2020 |
| Gjennomføre årleg konferanse med tema universell utforming<br><br>*Ansvar: fylkeskommunen, fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Vert følgt opp i Vestland fylkeskommune |
| Syte for særleg tilrettelegging for utvalde grupper (t.d. følgjekort for menneske med nedsett funksjonsevne, kultur- og aktivitetskort for særlege grupper, transportordningar)<br><br>*Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, arrangørar, kulturhus, institusjonar*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Pågåande arbeid på alle nivå. |
| Styrkje fokus på universell utforming av anlegg og tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne gjennom m.a. å:<br><br>• Leggje til rette for bruk og utvikling av sentrumsnære turvegar<br>• Kartleggje tilgjenge for tilkomst til skyteanlegg, kartleggje universell utforming på idrettshallar og symjebasseng etablert før 1985<br>• Gjennomføre grenselause idrettsdagar<br><br>*Ansvar: fylkeskommunen, kommunane, idrettskrinsen, FNF*<br><br>**Status 2019, 2020:**<br>Vert følgt opp gjennom løpande saker/arbeid i samarbeid med kommunar, frivillige, m.fl. |

Auke satsinga på sentrumsnære turvegar

- Utvikle eit konsept for å etablere ein universelt utforma turveg i alle kommunar (fellesprosjekt i Vestland fylkeskommune)
- Ein universelt utforma turveg er etablert i 1/3 del av kommunane
- Ein universelt utforma turveg er etablert i 2/3 del av kommunane
- Ein universelt utforma turveg er etablert i alle kommunar

*Ansvar: fylkeskommunen*

**Status 2019, 2020:**
Kartlegging gjennomført i alle kommunane i Sogn og Fjordane med økonomisk støtte frå Kartverket.

# Status 2020 - handlingsprogram anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2020-2024)

| | |
|---|---|
| Tiltak 1 | Regional og kommunal planlegging skal legge til rette for at areal, infrastruktur og anlegg gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet |
| Ansvar | Kommunane/ VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering og stabsavd. for strategisk utvikling og digitalisering |
| Aktuelle partnarar | Aktuelle partnarar: Frivillige organisasjonar/friluftsråda og Fylkesmannen |
| Merknad | Delta i regionalt planforum, gje innspel til kommunale planar – samfunns- og arealdel + særleg relevante reguleringsplanar |
| Status 2020 | Fellesnemnda vedtok i juni anleggspolitikk med handlingsprogram for Vestland 2020-2024. Deltek på planforum og gir innspel til planar og styringsdokument både lokalt, regional og nasjonalt. Deltek i plangruppe på KII. |
| Tiltak 2 | Alle kommunar skal utarbeide og følgje opp plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv |
| Ansvar | Kommunane |
| Aktuelle partnarar | VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering, frivillige organisasjonar/friluftsråda, ulike råd i kommunane (ungdom, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne) |
| Merknad | Lage oversikt over status på planar i alle kommunar i Vestland<br>Fylkeskommunen tilbyr planmøter med tverrsektoriell involvering - felles modell? |
| Status 2020 | Oppdatert oversikt over gjeldande planar i kommunane. Arbeid med kommunedelplanar er sett på vent i fleire kommunar pga. koronapandemien. |
| Tiltak 3 | Fordele spelemidlar på basis av gjeldande anleggspolitikk i Vestland fylke. Det skal vurderast å opprette eit felles regionalt program for basseng og idrettshallar (inklusiv spesialhallar) for perioden 2022-2024. |
| Ansvar | VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, Vestland Idrettskrets og Forum for Natur og Friluftsliv Vestland |
| Merknad | Rettleiing/kurs spelemidlar, deltaking på nasjonale og internasjonale fagsamlingar |
| Budsjett | Kr 216 mill |
| Status 2020 | VLFK fekk tildelt vel kr 191 mill, søknadar frå 41 kommunar. Vidarefordeling til kommuane i samsvar med fylkeskommunal anleggspolitikk. Føring frå KUD om å prioritere frivillig sektor. Ventetida for ordinære anlegg auka frå 4,6-5,2 år. |
| Tiltak 4 | Investeringstilskot til anlegg der ein skal arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap |

| | |
|---|---|
| Ansvar | VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, Vestland idrettskrets/ særforbunda |
| Merknad | Eiga tilskotsordning med fylkeskommunale investeringsmidlar |
| Budsjett | Kr 2 mill |
| Status 2020 | Tilskot til Bergen kommune, Fana stadion, som skal vere vertskap for NM i friidrett i 2020 og U23 EM i 2021. |
| Tiltak 5 | Investeringstilskot til kommunar som ikkje har idrettshall og/eller symjehall i Vestland fylke |
| Ansvar | VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, Vestland idrettskrets |
| Merknad | 3 kommunar i nye Vestland fylke har ikkje idrettshall; Gulen, Samnanger og Masfjorden. Hyllestad kommune i nye Vestland fylke har ikkje symjehall. |
| Budsjett | Kr 2 mill |
| Status 2020 | Tildelt Ullensvang kommune til fleirbrukshall i Jondal |
| Tiltak 6 | Kartlegge opningstider og utleigeprisar i offentlege idrettsanlegg finansierte av statlege spelemidlar |
| Ansvar | VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering/avd. for opplæring og kompetanse, kommunane, eigedomsseksjonen |
| Aktuelle partnarar | Vestland idrettskrets |
| Merknad | Må sjåast i samanheng med Norges Idrettsforbund sin anleggspolitikk 2019-2024 der det er forslaga om at *NIF skal sammen med særforbundene kartlegge idrettslagenes kostnader ved bruk av idrettsanlegg*<br><br>Budsjett 2020 oppfølging – gratis bruk av FK anlegg<br>*Vidaregåande skular og idrettsfasilitetar i Vestland fylke bør vere gratis for frivilligheita knytt til born og unge. Fylkestinget ber rådmannen utarbeide ei sak om kostnad og reglement for utleige av fylkeskommunale bygg og anlegg.* |
| Status 2020 | Kartlagt leigekostnadar ved bruk av kommunale og fylkeskommunale idrettshallar. Det er utarbeida “Rutine for utlån av skulebygg og idrettsanlegg i Vestland fylkeskommune”. |
| Tiltak 7 | Utvikle attraktive skuleområde for fysisk aktivitet på barne- og ungdomsskular |
| Ansvar | Kommunane, VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Aktuelle partnarar | Vestland idrettskrets, ulike lag og organisasjonar |
| Merknad | Tiltaket har særs gode resultat å vise til i Sogn og Fjordane og er i 2018 starta opp i Hordaland<br>Satsing innanfor innovativ anleggsutvikling. |
| Status 2020 | Grunna koronapandemien har det ikkje vore mogeleg å gjennomføre synfaringar ved skular så langt i 2020. Om det vert mogeleg så kan slike synfaringar bli |

| | |
|---|---|
| | aktuelt i løpet av hausten. Det har vore arrangert digitale formøter med blant anna Voss herad angåande to skular. Gjennom samarbeid med Lokale og Anlægsfonden i Danmark har vi fokus på innovative anlegg. Dette samarbeidet gjev oss ny kunnskap inn i arbeidet med attraktive skuleområder. Det har vore gjennomført prosessmøter med skular i Bjørnafjorden, Kvam, Austevoll og Stord. Når det gjeld spelemidlar er det handsama fleire søknader som knyttar seg til ulike skuleområder. |
| Tiltak 8 | Vidareføre dagsturhytteprosjektet til alle kommunane i Vestland |
| Ansvar | Kommunane, VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Aktuelle partnarar | Privat og frivillig sektor |
| Merknad | Alle kommunane i Sogn og Fjordane har etablert ei dagsturhytter finansiert ved eit spleiselag mellom kommunane, Sparebanken Sogn og Fjordane og spelemidlar. Utrulling i Hordaland. Løyvd kr 4 mill til 20 hytter i 2019 og 2020. |
| Budsjett | Kr 2 mill |
| Status 2020 | Det er gitt tilsagn til 20 hytter i Hordaland i 2019 og 2020. 13 hytter vert utplassert hausten 2020. Mange av hyttene vil ha sanitæranlegg. Ved plassering av hyttene er det teke omsyn til tilgjengelegheit for flest mogleg. 5-7 av hyttene vil vere universelt tilrettelagt. BKK har løyvd kr 3 mill til dagsturhyttene - kr 50.000 til solcellepanel til kvar hytte i heile fylket. |
| Tiltak 9 | Skape meir miljøvenlege kunstgrasbaner ved kompetanseutvikling, utprøving av nye materiale og betre tilrettelegging for avrenning frå anlegga. |
| Ansvar | Kommunane, VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Aktuelle partnarar | NTNU, Miljødirektoratet, Norsk senter for berekraftig klimatilpasning, Vestlandsforskning, NVE, NFF/fotballkrinsane, fylkeskommunane Viken og Trøndelag m.fl. |
| Merknad | Bidreg inn i nasjonalt utviklingsprosjekt og utprøving av ulike modellar i kommunar i Vestland. Sett i samanheng av utvikling av plaststrategi for Vestlandsrådet. Samarbeidsmodell i Sogn og Fjordane med fylke, idretten og private aktørar med tiltak for å hindre avrenning frå anlegga. Inngått samarbeid med KG 2021. Miljøsyklus |
| Budsjett | Kr 400.000 |
| Status 2020 | Miljøvenlege kunstgrasbaner er omtala i plaststrategien som fylkestinget vedtok i juni. Tema på Anleggskonferansen som skulle vore gjennomført i april. Planlegg å tilrettelegge for digitale kurs hausten 2020. Samarbeid med Vestland idrettskrets og fotballkretsane om tema. Miljødirektoratet arbeider med ei forskrift. |
| Tiltak 10 | Utvikle og tilgjengeleggjere fagkompetanse innan fysisk aktivitet og anleggsutvikling |
| Ansvar | VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering, HVL, UiB, Helse Bergen |
| Aktuelle partnarar | Kulturdepartementet, kommunane og frivillige organisasjonar, Campus Sogndal og Idrettscampus Bergen |
| Merknad | Vurdere å vidareføre Forum for fysisk aktivitet<br>Avklare utviklingsavtalar med regionale samarbeidspartnarar |

| | |
|---|---|
| | Fylkeskommunen har FoU midlar og analysekompetanse |
| Budsjett | Kr 1,250 mill til Idrettscampus Bergen<br>Inntil kr 500.000 i KUP-midlar til idrett og friluftsliv |
| Status 2020 | Systematisk arbeide med å tilgjengeleggjere kunnskapsgrunnlag fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.<br>Samarbeid og vidareutvikling av ICB. Avklare ein bærekrafting organisering, finansiering og namn. 7 delprosjekt er etablert, av desse er Knutepunktet og Aktive Gamere prioritert. |
| Tiltak 11 | Auka kompetanse, nettverk og inspirasjon til etablering og drift av anlegg gjennom konferansar, kurs, synfaringar og rettleiing |
| Ansvar | Kommunane/ VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Aktuelle partnarar | Frivillige organisasjonar, Kulturdepartementet |
| Merknad | I 2020 vert det gjennomført ein felles Anleggskonferanse i samarbeid med idrettskretsen.<br>Dialogkonferanse idrett og friluftsliv |
| Budsjett | Kr 50.000 til anleggskonferanse (2019)<br>Kr 160.000 til konferanse/kompetanse<br>Kr 165.000 frå KUD |
| Status 2020 | Anleggskonferansen 2020 utsett til 2021.<br>Gjennomføring av dialogkonferanse idrett og friluftsliv i Sogndal 2.-3. september.<br>Gjennomført nettverksmøter knytt til dagsturhytter og friluftslivets ferdselsårer.<br>Det vert vurdert å gjennomføre webinar innanfor ulike tema innanfor vårt fagfelt til hausten, gjerne i samarbeid med idrettskrinsen. |
| Tiltak 12 | Anleggsregisteret må vere oppdatert for å få utbetalt spelemidlar. Synfaring på anlegg som har fått tildelt spelemidlar som grunnlag for rapport om bruk og vedlikehald. |
| Ansvar | Kommunane, VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Aktuelle partnarar | Vestland idrettskrets, særforbund/særkretsar, friluftsorganisasjonar |
| Merknad | Samordna med idretten sin anleggsoppfølging |
| Status 2020 | Kommunane har ansvar for å oppdatere anleggsregisterert for anlegg i sin kommune. Tilskot vert ikkje utbetalt før anleggsregisteret er oppdatert av kommunane. Bistår kommunane ved behov.<br>Synfaringar har det i liten grad vore mogeleg å gjennomføre så langt i 2020, men kan bli aktuelt å gjennomføre fleire i løpet av hausten. |
| Tiltak 13 | Friluftslivets ferdselsårer |
| Ansvar | Kommunane, VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Aktuelle partnarar | Ulike avd. i VLFK, Fylkesmannen, friluftsråda, FNF og turlaga |
| Merknad | Nasjonalt prosjekt 2019-2023 – ei vidareføring av kartlegging og verdisetting av friluftsområde i kommunane og nasjonalt turskiltprosjekt. Tildeling av midlar må samordnast med tildeling av spelemidlar. |

| | |
|---|---|
| Budsjett | Kr. 1.179.000 + kr 695.000 statlege midlar. Søknadsfrist for kommunane 1. april og 1. oktober 2020 |
| Status 2020 | 15 kommunar i Vestland har fått tilskot og er igang med arbeidet. Ferdigstilling av kartlegging og verdisetting av friluftsområder er føresetnad for deltaking. Fokus på å ferdigstilt dette i alle kommunar hausten. |
| Tiltak 14 | Sikring, opparbeiding og drifting av friluftsområder i nærleiken av bustadsområde i tettstadar og byar |
| Ansvar | Kommunane og friluftsråda |
| Aktuelle partnarar | VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Merknad | Tildeling av statlege midlar tilrettelegging i statleg sikra område må samordnast med tildeling av spelemidlar. Tiltak som kan få støtte må vere del av ein godkjent forvaltningsplan. Kartlegging av UU i friluftsområder – søknadsfrist Kartverket 1. april (Frank)<br>Parkeringsplassar og skilting knytt til friluftsområder og turvegar. |
| Budsjett | Innstiller til Miljødirektoratet på post 30 (sikring)<br>kr 5.400.000 til tilrettelegging (post 78) + ekstraløyving på kr 1.260.000.<br>kr 3.140.000 driftstilskot friluftsråda<br>kr 50 000 i tilskot frå Kartverket til kartlegging av UU |
| Status 2020 | 3 seminar om statleg sikring av friluftsområder i kommunane Kinn, Sogndal og Bergen er utsett frå vår til haust pga. koronapandemien.<br>Tilskot på kr 50.000 frå Kartverket til UU kartlegging av turstiar. Samarbeid med BOF og BHT. Kr 300.000 i eigenandel. |
| Tiltak 15 | Utvikle forvaltningsplanar for alle sikra friluftsområder i Vestland |
| Ansvar | Kommunane og friluftsråda |
| Aktuelle partnarar | VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Merknad | Eit krav for å kunne søke om statlege midlar til tilretteleggings i statleg sikra friluftsområder |
| Status 2020 | Ein systematisk gjennomgang av status på forvaltningsplanar hausten 2020. |
| Tiltak 16 | Nyskapande aktivitetsarenaer |
| Ansvar | VLFK/avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, Lokale og Anlægsfonden, Vestland idrettskrets/ Norges idrettsforbund/ særforbunda, Kulturdepartementet, Høgskulen på Vestlandet, UiB, private aktørar |
| Merknad | Eiga tilskotsordning med midlar til prosjektering og investering |
| Budsjett | Kr 900.000 |
| Status 2020 | Samarbeid med Lokale og Anlægsfonden om nyskapande aktivitetsanlegg. Pilotprosjekt ved skuleområde i fire kommunar. Søknad om ekstern finansiering om vidareføring av prosjektet. Innleia samarbeid med Tverga - nasjonalt senter for eigenorganisert aktivitet. |

| | |
|---|---|
| Tiltak 17 | Vidareføre dopingførebyggjande arbeid i vidaregåande skular i heile Vestland |
| Ansvar | Vestland fylkeskommune/ avd. For kultur, idrett- og inkludering og Antidoping Norge |
| Aktuelle partnarar | Vestland fylkeskommune/ Opplæringsavdelinga og Vestland Idrettskrets, Idrettscampus Bergen |
| Merknad | Avtale med Antidoping Norge om samarbeid mot vgs. I heile Vestland.<br>Nasjonal konferanse 6. November i Bergen. |
| Budsjett | Kr 450.000 |
| Status 2020 | Arbeidet er utvida med kommunar i heile fylket. I korona-nedstenging har det vore gjennomført digitale møteplassar i arbeidet. Avtalen er fornya. Koordinator tilsett i 100 %. |
| Tiltak 18 | Utvikle eit breitt og variert aktivitetstilbod til barn og unge |
| Ansvar | Vestland Idrettskrets |
| Aktuelle partnarar | Kommunane/ Vestland fylkeskommune/ avd. For kultur, idrett- og inkludering |
| Merknad | Gjennom tilskot til Vestland idrettskrets og ulike tilskotsordningar. |
| Budsjett | Driftstilskot til regionale idretts og friluftsorganisasjonar |
| Status 2020 | Årlege driftstilskot. Ulike løyvingar gjennom tilskotsordningar. Endring i ordninga for lavterskel for å få eit betre systematisk arbeid. Korona-situasjonen har ført til store utfordringar for mange aktørar innan fagområde. |
| Tiltak 19 | Inkludering i idrett og friluftsliv gjennom tilrettelagte arrangement og aktivitetar |
| Ansvar | Kommunane/ frivillige organisasjonar og friluftsråd/ Helse Bergen |
| Aktuelle partnarar | Vestland fylkeskommune/ avd. for kultur, idrett- og inkludering, Idrettscampus Bergen |
| Merknad | Gjennom delprosjekt i Idrettscampus Bergen, samarbeidsprosjektet Aktiv saman og ulike tilskotsordningar. |
| Budsjett | Kr 2 mill tilskotsordning lågterskel fysisk aktivitet<br>Kr 3.1 mill friluftsaktivitet (post 78) |
| Status 2020 | Årlege driftstilskot. Ulike løyvingar gjennom tilskotsordningar. Endring i ordninga for lavterskel for å få eit betre systematisk arbeid. Korona-situasjonen har ført til store utfordringar for mange aktørar innan fagområde. |
| Tiltak 20 | Legge til rette for at unge lovande idrettsutøvarar og toppidrettsutøvarar får utvikle seg i lokalmiljøa/regionen |
| Ansvar | Olympiatoppen Vest, Vestland fylkeskommune/ avd. for kultur, idrett- og inkludering, Opplæringsavdelinga |
| Aktuelle partnarar | Kommunane |
| Merknad | Gjennom utviklingsstipend og tilskot til Vestland idrettskrets og Olympiatoppen Vest. Delprosjekt under Idrettscampus Bergen «gjere dei beste betre». |

| | |
|---|---|
| Budsjett | Kr 50.000 bilde til OL og VM medaljørar<br>Kr 210.000 utviklingsstipend unge lovande utøvarar<br>Kr 750.000 i driftstilskot OLT Vest |
| Status 2020 | Retningsliner for OL og VM medaljørar og utviklingsstipend vart vedteke av KULII19. mai. Utviklingsstipenda auka frå kr 30.000 til 40.000, og ein aukar opp frå 5 til 7 stipend. Utviklingsstipenda blir koordinert med Bergen kommune sine tilsvarande stipend. Informasjon om denne stipendordninga vil vere tilgjengeleg på heimesida i starten av juli, og søknadsskjema vil vere ope fram til søknadsfrist 1.oktober. |
| Tiltak 21 | Vidareutvikle Vestkystparken |
| Ansvar | Vestland fylkeskommune/ avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Aktuelle partnarar | Rogaland fylkeskommune, friluftsråda, Fylkesmannen, Miljødirektoratet |
| Merknad | Vestland fylkeskommune har det politiske leiarskapet og sekretariatsfunksjonen i perioden 2018-21. Fjordane friluftsråd medlem i samarbeidet frå oktober 2019. |
| Budsjett | Kr 1.620.000 + 1.244.000 frå Rogaland fylkeskommune og kr 4.160.000 statlegeg midlar |
| Status 2020 | VLFK har leiarskapet og sekretariatsfunksjon ut 2021. Digitalt styremøte gjennomført i mai. Gjennomføring av 5 sikringsseminar utsett til hausten og styremøte/studietur til Shetland utsett til 2021. |
| Tiltak 22 | Vidareføre satsinga mot at alle kommunar skal vere medlem av eit friluftsråd. |
| Ansvar | Vestland fylkeskommune/ avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Aktuelle partnarar | Kommunane, friluftsråda, Fylkesmannen, Miljødirektoratet |
| Merknad | Etablere nye friluftsråd el. utviding av verkeområde til eksisterande |
| Status 2020 | Auka driftstilskot til Fjordane friluftsråd. Stad kommune ny medlem i friluftsrådet. VLFK løyvde i april kr 200.000 ekstra til innkjøp av arbeidsbåt for å kunne etablere skjergardsteneste. Aktuelle kommunar vert invitert til møte om etablering av friluftsråd i oktober pga. dialogkonferanse idrett og friluftsliv 2020 er utsett til 2021. |
| Tiltak 23 | Bidra til fleire nasjonale og internasjonale arrangement i Vestland gjennom m.a. kompetanseutvikling, arrangementsstøtte og utarbeiding av regional arrangementsstrategi |
| Ansvar | Vestland fylkeskommune/ avd. for kultur, idrett- og inkludering |
| Aktuelle partnarar | Vestland idrettskrets, Idrettscampus Bergen, Bergen kommune, Voss kommune, Bergen reiselivslag. |
| Merknad | Nasjonal arrangementsstrategi 2020 – 2030 vedteken<br>Delprosjekt i Idrettscampus Bergen |
| Budsjett | Kr 450.000<br>Eiga sak knytt til EM U23 friidrett i Bergen i 2021 |
| Status 2020 | Føl opp arbeidet med nasjonal arrangementsstrategi og nasjonalt senter. Fordelt midlar til 7 arrangement i KULII 14. februar. Dei fleste arrangementa er avlyst/utsett pga. Koronapandemien. |

| Tiltak 24 | Bidra til å kartlegge status, samordne innsats, kompetanseutvikling, stimulere til lokal infrastruktur/møteplassar og utarbeiding av regional e-sport/gaming (spel) strategi |
|---|---|
| Ansvar | Vestland fylkeskommune/ avd. for kultur, idrett- og inkludering (seksjon bibliotek, kulturformidling/inkludering,og kulturutvikling) og avd. for opplæring og kompetanse |
| Aktuelle partnarar | Idrettscampus Bergen, Campus Sogndal<br>Gjensidigestiltelsen |
| Merknad | Prioritert delprosjekt i Idrettscampus Bergen<br>KUD: Dataspillstrategi 2020-2022<br>Verbalforslag frå fylkestinget knytt til e-sport strategi for Vestland fylke:<br>*E-sport er verdas raskast voksande sport, og Vestland fylke har gode føresetnader for å ta ein nasjonal og internasjonal posisjon. E-sport er allereie fag i einskilde vidaregåande skular og fleire frivillige E-sport klubbar er etablerte i regionen. Som regional utviklingsaktør bør fylkeskommunen difor utarbeide ein eigen strategi i for dataspel og E-sport samarbeid med kommunar og frivillig sektor. Ein slik strategi må innehalde klåre mål og verkemiddel for korleis ein betre kan leggja til rette for dataspel og e-sport i fylket. I strategien bør det særleg leggjast vekt på;*<br>1. *Behovet for ytterlegare satsing på e-sport i vidaregåande opplæring*<br>2. *Korleis fylkeskommunen kan bidra til meir kunnskap og kompetanse om dataspel og e-sport i samfunnet*<br>3. *Korleis fylkeskommunen kan bidra til etablering og drift av lokale treningslokalitetar for spelarar*<br>4. *Korleis fylkeskommunen kan bidra til etablering av lokale og regionale dataspel miljø, konkurransar, turneringar og møteplassar*<br>5. *Korleis fylkeskommunen kan støtte og bidra til større internasjonale e-sport-arrangement i Vestland*<br>6. *Kva verkemiddel fylkeskommunen kan bruke i samarbeid med kommunar, organisasjonar, næringsliv og eldsjeler* |
| Budsjett | Bibliotek har fått kr 1,7 mill frå Gjensidigestiftelsen<br>Prioritert prosjekt Idrettscampus Bergen |
| Status 2020 | Føl opp arbeidet med regional strategi. Intern arbeidsgruppe. Tett samarbeid med Idrettscampus Bergen som har e-soprt som særleg satsing i 2020. Stor politisk interesse. ICB søkjer om ekstern finansiering til m.a. utvikling av modell for å implementere e-sport i idrettslag og klubbar. |

# Status 2020 - nye oppgåver i Vestland fylkeskommunen innan integrering

jf Fylkestinget PS 47/2020

| Innsatsområde | Integrering |
|---|---|
| *Mål* | *Rask kvalifisering gjennom utdanning og arbeid (jf regjeringa sin integreringsstrategi 2019-2022 – Integrering gjennom kunnskap).* |
| **Tiltak** | **Implementere nye oppgåver om integrering i Vestland fylkeskommune** |
| **Status 2020** | • Nye oppgåver innan integrering er drøfta i fylkestinget, jf FT-sak 47/2020.<br>• Det er vedteke retningslinjer for tre nye tilskotsordningar i hovudutval for kultur i februar.<br>• Hovudutval for kultur, idrett og integrering har tildelt midlar etter utlysing i april.<br>• Fylkesutvalet løyve tilskot til Jobbsjansen del B til Avdeling for Opplæring og kompetanse etter vilkår og retningsliner i PS 18/2020, 14.2.2020<br>• Gir innspel til alle kommunane om integrering i uttale til planstrategi og samfunnsdelen i kommuneplanane.<br>• Intern informasjon om nye oppgåvene i avdelingane<br>• Internettsida om integrering og inkludering etablert i vlfk.no<br>• Starta samarbeid med RVTS (regional ressursenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging)<br>• Starta arbeid med opplegg for kommunane sitt kvalifiseringsarbeid<br>• Starta arbeid med regional oppfølging av frivilligheit og samfunnsdeltaking.<br>• Starta førebuing av busetjingsprosess 2021.<br>• Etablert tverrsektorielt integreringsteam og fått vedteke mandat for teamet.<br>• Høyringsuttale til forskrift til ny lov om integrering gitt i samarbeid med avdeling for Opplæring og kompetanse og avdeling for innovasjon og næringsutvikling<br>• I dialog med dei andre fylkeskommune, KS, IMDI om integreringsoppgåvene |